



Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 OSLO

## Høyring - NOU 2003:14 - Betre kommunal og regional planlegging etter plan- og bygningslova

Vårt generelle inntrykk er at planlovutvalet har lagt fram eit grundig stykke arbeid. Fylkesmannen ser derfor ikkje behov for å kome med særleg kommentarar til enkeltparagrafar i forslaget. Ikkje minst i forhold til fylkesmannens spesielle ansvar innan fagområda miljøvern, beredskap/samfunnstryggleik og helse, er forslaget ei klar forbetring i forhold til noverande lov. Jf. lovas formålsparagraf.

Fylkesmannen vil framheve og støtte dei overordna grep som ligg i forslaget m.a. når det gjeld:

- å skape ei langt klarare lovtekniske oppbygging enn i gjeldande lov.
- å utvikle ei samlande og overordna planlov i forhold til øvrige sektorlover som regulerer arealbruken.
- å styrke fylkesplanlegginga og interkommunal planlegging ved å opne for sterkare formell styring gjennom regional planlegging - og ved å underbygge fleksible opplegg for interkommunal planlegging/oppgåveløysing. Jf. dei regionaliseringsprosessane samfunnet generelt er inne i.
- å legge til rette for meir nyansert kommunale planlegging av arealbruken enn i noverande LNF-område, utan som i dag å vere avhengig av statleg (sektor) planlegging etter særlov.
- å etablere ei klarare kobling mellom planvedtak og utgreiingsbehov, m.a. ordningar med planprogram. KU- krav blir relatert til sjølve planen, og i mindre grad knytt til spesielle tiltak/ansvarleg tiltakshavar.

Lovforslaget er eit ambisiøst planverkty som stiller tilsvarende høge krav til både offentlege og private aktørar om lova skal oppfyllest. Det blir feil å hevde at lova betyr ei forenkling - like feil som å tru at enkle planreglar gir enkel oppgåveløysing. Forslaget medfører utvida kompetansekrav ikkje minst i den kommunale forvaltninga, m.a. når det gjeld planprosess, medverknad og analysearbeid. I forslaget ligg skjerpa krav til m.a. den kommunale landbruks- og miljøforvaltninga.


Fylkesmannen sit ikkje med inntrykk av at det er dagens lover som er kritisk for planlegginga i dei mindre kommunane, men snarare generell mangel på ressursar og til dels kvalifikasjonar for å kunne utføre oppgåvene tilfredsstillande i forhold til m.a. statlege


ønskje og pålegg. Planlegging synest i mange kommunar å måtte vike for reine drifts- og serviceoppgåver. Tempoet i kommuneplanrulleringane gir tydeleg budskap om dette. Heller ikkje økonomiplanane i mange (små)kommunar held den standard som må til for å gjere nytte som handlingsprogram i kommuneplansamanheng.

Lovforslaget forsterkar behovet for meir robuste (større) kommunale fagmiljø enn tilfelle er i mange mindre kommunar – evt. gjennom interkommunalt samarbeid. For å medverke til vellukka oppfølging av ny lov vil det vere behov for breie regionale kompetansemiljø til støtte for kommunane. Det er neppe nok med ei lovfesta retningslinje om fylkeskommunal bistand når svært mange av oppgåvene faktisk er tillagt regional statsforvaltning. Hovudpoenget må vere at kommunane har tilgang til utadvendt konstruktiv hjelp frå fylkesnivået uansett om denne er fylkeskommunal eller statleg.

Det er no viktig at planlovutvalets arbeid blir følgt opp utan at hovudtrekka og heilskapen i forslaget går tapt.

Med helsing

  
Ottar Befring

  
Idar Mølsæter

Kopi:  
Møre og Romsdal fylkeskommune